



Miljøstiftelsen Bellona
Rådhusgata 28
0151 Oslo

Dykkar referanse: Vår referanse: Arkivkode: Dato:
24/8715, 25/29350 M77 18.06.2025

Ny høyring - Forslag til forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Ålesund kommunestyre vedtok i møte 12. desember 2024 følgjande:

«Ålesund kommunestyre vedtar forskrift om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Ålesund kommune, Møre og Romsdal, med følgende endringer:

Nytt punkt 5 e) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk. Brannvesenet skal varsles om brenning.

Nytt punkt 5 f) Brenning av hageavfall på øyer og holmer uten veisamband eller rutegående samband. Brannvesenet skal varsles om brenning.»

Desse unntaka er ei vesentleg endring av forskrifa som først vart sendt ut til høyring sommaren 2024. Forslaget til forskrift om open brenning vert difor sendt ut til ny høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Eventuelle kommentarar og innspel kan sendast enten digitalt gjennom Altinn til Ålesund kommune med org.nr. 929 911 709, elektronisk til postmottak@alesund.kommune.no eller med brev til Ålesund kommune, postboks 1521, 6025 Ålesund.

Høyringsfristen er **1. september 2025**.

1. Bakgrunn

Røyk frå open brenning fører til helseplager for barn og sjuke, og gir eit sterkt ubehag for innbyggjarane i kommunen som vert utsett for dette. Open brenning er eit folkehelseproblem, i tillegg til at open brenning fører til forureining av luft, jord og vatn.

For å kunne verne om helsa til barn og innbyggjarane elles, og for å hindre forureining, treng Ålesund kommune ei forskrift om open brenning som gjeld heile kommunen. Det er berre områda som ligg innanfor tidlegare Sandøy og Ålesund kommune som er omfatta av gjeldande lokale forskrifter om open brenning.

Gjeldande forskrifter innan kommunen som gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar, er følgjande:

Postadresse: Postboks 1521 6025 ÅLESUND E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Telefon: Sentralbord: 70 16 20 00 Direkte: 41 69 40 83	Nettside: alesund.kommune.no Organisasjonsnummer: 929 911 709
---	--	--

1. [Forskrift 7. april 2011 nr. 382 om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.](#)
2. [Forskrift 31. august 2011 nr. 909 om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Sandøy kommune, Møre og Romsdal.](#)

Det vil seie at områda som tidlegare hørde til Skodje og Ørskog kommunar ikkje er omfatta av noko lokal forskrift om open brenning. I tillegg er forskriftene for tidlegare Ålesund og Sandøy kommunar ulike når det gjeld unntak frå forbodet om open brenning. Dette har ført til forskjellsbehandling i saker om open brenning, alt etter kva kommune ein tidlegare hørde til.

Forslag til ei ny forskrift om open brenning for Ålesund kommune vart først sendt ut til offentleg høyring sommaren 2024. Det kom inn fleire høyringsuttalar i samband med dette.

I samsvar med høyringsuttalane om eit eige unntak for brenning av lyng som skjøtselstiltak for å bevare den trua og utvalde naturtypen kystlynghei, vart det føreslått tatt inn eit eige unntak om dette i forslaget til forskrift om open brenning § 5 bokstav d) med følgjande ordlyd:

«Brenning av lyng knytt til skjøtsel av den utvalde naturtypen kystlynghei, jf. naturmangfaldlova § 52. Brenninga må skje på ein slik måte at den ikkje medfører helseproblem og forureinar minst mogleg.»

Det vart også føreslått å ta inn fleire døme på kva som ikkje er rekna som reint trevirke, i samsvar med innspelet til Statsforvaltaren om dette. Ordlyden i § 3 bokstav c) vert då følgjande:

«Reint trevirke: Trevirke som er ubehandla. Det vil seie trevirke som ikkje er mala, beisa, innehold lim som sponplater og finér, er impregnert med kreosot, trykkimpregnert eller liknande.»

Desse endringane var ikkje vesentlege, slik at forslaget til forskrift ikkje trong å verte sendt ut på ny høyring.

2. Vurderingar

I utgangspunktet er all open brenning og brenning av avfall ulovleg etter [lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall \(forureiningslova\)](#) § 7 om plikt til å unngå forureining. Unntak er gjort der Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren har gitt løyve til det etter [forureiningslova](#) § 11, eller at det vert rekna som vanleg forureining etter [forureiningslova](#) § 8. Med vanleg forureining frå open brenning, meiner ein til dømes bålbranning med reint trevirke, grilling, brenning av tørt hageavfall i eigen hage, bråtebranning og flatebranning i skogbruket. Med vanleg forureining frå brenning av avfall i småomnar er til dømes opptenning og brenning av avispapir og reint rivingstrevirke i vedomn. Det betyr at brenning som vert rekna som vanleg forureining i utgangspunktet er lovleg, dersom kommunen ikkje har fastsett ei lokal forskrift med heimel i [forureiningslova](#) § 9. Ved å fastsette ei lokal forskrift kan kommunen innskrenke den lovlege brenninga ved å forby brenning, eventuelt berre tillate det i enkelte område i kommunen og/eller til bestemte tider, skjerme sårbare institusjonar med meir.

Open og ukontrollert brenning av avfall og biologisk materiale kan gi store utslepp av blant anna tjærrestoff, polysykliske aromatiske hydrokarbonar (PAH), dioksiner og tungmetall. Dette kan medføre både helse- og miljøproblem lokalt. Røyk frå slik brenning rammar spesielt barn og den delen av befolkninga som har kroniske luftvegssjukdommar eller allergiproblem. For denne gruppa kan røykgassar føre til auka pustevanskar, akutte astmaanfall, eller vere ei

ekstrabelastning ved at allergisymptoma vert forsterka. Men også andre kan oppleve sterkt ubehag ved røyk frå open brenning.

Småbrenning representerer samstundes utslepp som kan bidra til ein forverra forureiningssituasjon på regionalt og nasjonalt nivå. Grunnen til det er at restproduktet etter forbrenning består ofte av stoff som ikkje kan brytast ned, og som vert konsentrert i næringskjeda.

Ved at brennbart avfall vert brent ope eller i ein småomn, vil ikkje avfallsproduktet kunne ressursutnyttast. Dette i motsetnad til kompostering, attvinning eller forbrenning med energiutnytting. Samstundes vil brenning av avfall i ein småomn føre til betydeleg større utslepp enn ved forbrenning i eit avfallsforbrenningsanlegg, der forbrenninga vert meir fullstendig og avgassane vert reinsa før dei vert sleppt ut.

Med ei lokal forskrift kan kommunen bidra til å redusere miljøproblem som når langt utover dei lokale forholda.

Søkjer ein på [Lovdata](#), ser ein at dei fleste kommunane i Noreg har slike lokale forskrifter om open brenning. Det er såleis vanleg å fastsetje slike lokale forskrifter om open brenning og brenning i småomnar, og at ein følgjer malen og vegleiaren som Miljødirektoratet har laga.

Med heimel i [forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven](#) § 7 bokstav a., jf. [§ 4 bokstav b](#), har kommunen myndighet til å fastsette forskrifter i medhald av [forureiningslova § 9](#) forureiningslova § 9 om open brenning og brenning av avfall i småomnar, innanfor rammene som er gitt i forureiningslova. Kommunen vel sjølv om den ønskjer å fastsetje ei lokal forskrift om open brenning.

I forslaget til forskrift er det sett opp nokon unntak frå forbodet om open brenning og brenning av avfall i småomnar, der også dei to tilleggsunntaka i § 5 første ledd bokstav e) og f) som vart vedtekne av kommunestyret er tekne med. Dette gjeld unntak for

- a) open brenning med kol og ved på grillanretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) brenning av papir til opptenning og reint trevirke i vedomm og peis.
- c) jonsok- og olsokbål av reint trevirke. Bålområdet skal ryddast etter bruk.
- d) brenning av lyng knytt til skjøtsel av den utvalde naturtypen kystlynghei, jf. naturmangfaldlova § 52. Brenninga må skje på ein slik måte at den ikkje medfører helseproblem og forreinar minst mogleg.
- e) bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk. Møre og Romsdal 110-sentral KF skal varslast om brenning.
- f) Brenning av hageavfall på øyar og holmar utan vegsamband eller rutegåande samband. Møre og Romsdal 110-sentral KF skal varslast om brenning.

Dei tre siste unntaka som er nemnt ovanfor, er føreslått å ikkje gjelde for området som ligg i nedslagsfeltet til hovud- og reservedrikkevasskjelder. Open brenning ved til dømes Brudsalsvatnet vil medføre forureining og fare for forureining av hovuddrikkevasskjelda til Ålesund. Det er forbode å forureine drikkevatn etter [forskrift 22. desember 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann](#) (drikkevassforskrifta) § 4 første ledd.

Jonsok- og olsokbål kan leggast til nærliggande helg.

Hageavfall kan ein levere gratis til godkjente avfallsområder i kommunen. Det gjeld også områda utanfor tettbygd strøk.

Det kan søkast om dispensasjon frå forskrifta i særlege tilfelle, slik at ein ikkje treng fleire unntak.

Følgjande kan ikkje regulerast av kommunen gjennom ei forskrift:

- Open brenning av søppel, trykkimpregnert trevirke og liknande. Det er ikkje rekna som vanleg forureining
- Brenning av avfall i omnar som er meint for å destruere eit avfallsprodukt, til dømes bakgardsomnar. Slik brenning er ulovleg, med mindre det ligg føre eit utsleppsløyve etter forureiningslova § 11.
- Brenning av næringsavfall, verken ved open brenning eller brenning av næringsavfall i småomnar. Dette inkluderer også bygg- og anleggsavfall. Kommunen er ikkje myndigheit etter forureiningslova § 32 første ledd, som regulerer disponering av næringsavfall.

Anna relevant regelverk er [forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging](#), og då særleg forbodet i § 3 tredje ledd i om å gjere opp eld i eller i nærleiken av skog og anna utmark i tidsrommet mellom 15. april til 15. september.

Vidare er [forskrift 25. april 2003 nr. 486 om miljørettet helsevern](#) og [lov 24. juni 2011 om folkehelsearbeid \(folkehelselova\)](#) tilgrensa regelverk. Kommunen er forplikta til å fremme folkehelse og bidra til gode miljømessige forhold, samt sikre innbyggjarane mot faktorar i miljøet, blant anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale, som kan ha negativ innverknad på helsa, jf. [forskrift om miljøretta helsevern](#) § 4 første ledd.

3. Særskilt vurdering av unntaka vedtekne av Ålesund kommunestyre

Ålesund kommunestyre vedtok i møte 12. desember 2024 forskrifta som hadde vore ute til offentleg høyring sommaren 2024, men med tillegg av to ekstra unntak frå forbodet mot open brenning i § 5 første ledd:

*«Nytt punkt 5e) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk.
Brannvesenet skal varsles om brenning.*

*Nytt punkt 5f) Brenning av hageavfall på øyer og holmer uten veisamband eller
rutegående samband. Brannvesenet skal varsles om brenning.»*

3.1. Kva er rekna som «utanfor tettbygd strøk»?

Det finnест ikkje nokon definisjon i noko lovverk på omgrepene «utanfor tettbygd strøk».

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin definisjon av omgrepene «utanfor tettbygd strøk», er at det bur mindre enn 200 personar der, at det er mindre enn 60-70 hus og at avstanden mellom husa normalt overstig 50 meter.

Praksis etter [lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#) har også lagt til grunn at «utanfor tettbygd strøk» gjeld der det er minst 50 meter mellom husa.

Det er såleis ingen klar definisjon på kva som er «utanfor tettbygd strøk». Eit unntak frå forbodet om open brenning ved bråtebrenning og tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk, vil vere

vanskeleg å tolke og handheve. For mange innbyggjarar vil det også vere uklart om ein er omfatta av unntaket eller ikkje.

Der er tatt inn eit kartlag frå SSB i kommunen sitt kartsystem [ISYMap](#), som viser kva SSB reknar som tettbygd strøk i Ålesund kommune. Tettbygd strøk er merka av med grå farge. Ingen av områda på Ona er til dømes merka som tettbygd strøk, sjølv om avstanden mellom husa her er under 50 meter lengst sør på øya. Elles ser ein at det meste av kommunen er rekna som utanfor tettbygd strøk i følgje kartlaget til SSB.



Figur 1. Kartutsnitt frå kartlaget til SSB der tettbygd strøk er markert med grå farge.

Det er også eit spørsmål om brenning av tørt hageavfall skal skje i eigen hage, eller om det er slik at det skal tolkast som at det kan gjerast berre det er utanfor tettbygd strøk, og då også av personar som bur i tettbygd strøk og tek med seg hageavfall utanfor tettbygd strøk for å brenne det der. Det går ikkje fram av vedtaket til kommunestyret kva som er svaret på dette spørsmålet.

Røyk går langt, og den går mykje lenger enn 50 meter. Røyk gir ubehag for dei som enten er bur i nærleiken, kører bil, går tur med barnevogn, barn i barnevogner som står ute medan dei sov og så bortetter.

Hovudformålet med forskrifta er å forhindre helseproblem og forureining i heile kommunen som følge av open brenning, og ikkje berre i delar av kommunen. Ved å ta inn eit unntak om bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk, vil det svekke folkehelsa og trivselen for innbyggjarane i desse områda.

Kommuneoverlegen, som er faginstansen når deg gjeld folkehelsa i kommunen, er også klar på at dei støttar det første forslaget til forskrift om open brenning som var sendt ut til offentleg høyring. Dette for å beskytte folk, og då særleg barn og sjuke, mot uheldig og skadeleg forureining frå røyk, førebygge unødvendige konfliktar mellom grannar og å sikre trivsel i heile kommunen.

Ved å innføre unntak for bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk, vert det heller ikkje like reglar for alle innbyggjarane i Ålesund kommune, noko som vil bli opplevd som forskjellsbehandling.

Forskrifta om open brenning frå 2011 som gjeld for gamle Ålesund har fungert svært bra. Denne forskriften er i samsvar med vegleiaren til Miljødirektoratet som tilrår få unntak, for å forhindre

helseplager og forureining. I forskrifta er der også ei eiga føresegn om at ein kan søkje om å få dispensasjon i særlege tilfelle.

Det første forslaget til forskrift om open brenning som var ute til høyring i 2024, ville ha ført til like reglar for alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av kva kommune ein tidlegare høyrde til. Forslaget til forskrift om open brenning som no vert sendt ut til høyring, gjer skilnad på innbyggjarane ut frå om dei bur i tettbygd strøk eller ikkje, eller på øyar utan rutegåande samband.

3.2. Forbod mot open brenning i nedslagsfeltet til drikkevasskjelder

Ved å bruke definisjonen og kartlaget til SSB vil til dømes området rundt Brusdalsvatnet, verte rekna som utanfor tettbygd strøk. Brusdalsvatnet er hovuddrikkevasskjelda til Ålesund.

Forskrift 22. desember 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta) § 4 første ledd inneholder eit forbod mot å forureine drikkevatn. Forboden omfattar alle aktivitetar frå vasstilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevatnet vert forureina. Med aktivitetar meiner ein også friluftsliv og anna utøving av allemannsretten. I vasstilsigsområda kan landbruksaktivitet gå føre seg, dersom det ikkje forureinar drikkevatnet.

Open brenning i nedslagsfeltet til hovud- og reservedrikkevasskjelder vil føre til forureining eller fare for forureining av drikkevasskjeldene. Forboden mot å forureine drikkevatn i drikkevassforskrifta § 4 første ledd, går føre den lokale forskriften som gir unntak frå forboden mot open brenning. Dette gjeld også jonsok- og olsokbål, bråtebrenning, brenning av tørt hageavfall og all anna form for open brenning. Det vert difor føreslått å sette inn eit nytt andre ledd i § 5 med følgjande ordlyd:

«Unntaka i første ledd bokstav c) til f) gjeld ikkje i området som ligg i nedslagsfeltet til Hovud- og reservedrikkevasskjelder, jf. forskrift 22. desember 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann § 4 første ledd.»

3.3 Brenning av hageavfall på øyar utan vegsamband eller rutegåande samband

Ålesund kommune har därleg erfaring med open brenning på øyar og holmar, der røyken plagar dei andre på øyane og også på fastlandet. Eit døme på dette er brenning på øya Hundsvær påska 2022, der folk på land med helseplager som astma måtte dra frå heimane sine.

Det er ein liten kostnad å ta med hageavfall til gratis mottak på miljøstasjonar, eller kverne det opp, opp mot plagene barn, sjuke og andre vert utsett for ved brenning av hageavfall.

3.4 Uttale frå kommuneoverlegen

Kommuneoverlegen som er faginstansen når deg gjeld folkehelsa i kommunen. Personar som får helseplager av røyk frå open brenning, klagar i nokon tilfelle til kommuneoverlegen. Det har vore få klager i området til tidlegare Ålesund kommune etter at gjeldande forskrift om open brenning vart vedteken i 2011.

I førre høyringsrunde i 2024 skreiv kommuneoverlegen blant anna følgjande:

«Den ofte ufullstendige brenninga som går føre seg ved denne typen brenning, gir utslepp av store mengder forureina røyk. Eksponering for denne typen røyk er spesielt skadeleg for allergikarar og astmatikarar, men kan også skade eller utløse sjukdom hjå personar som ein reknar som friske. Som ved all skadeleg eksponering, er barn mest utsatt. I tillegg er det tale om eit spørsmål om trivsel, noko som ikkje må undervurderast i folkehelsearbeidet.»

3.5 Problem med avfallsbål

Ålesund kommune har erfart at det i dei delane av kommunen der det i dag er lov med bråtebrenning og brenning av hageavfall, så vert det i fleire tilfelle samstundes brent avfall som til dømes bygningsmateriale, pallar, møblar og plast.

3.6 Brannfare – Uttale fra Ålesund brannvesen KF

Etter gjeldande forskrift om open brenning i gamle Ålesund kommune, så er det forbode med bråtebrenning også utanfor tettbygd strøk. Bråtebrenning vil alltid medføre brannfare, og eit unntak for bråtebrenning utanfor tettbygd strøk, vil såleis føre til auka brannfare i kommunen.

Ålesund brannvesen har difor fått det nye forslaget til forskrift om open brenning til førehandsuttale, og har følgjande merknadar til forslaget etter vedtaket til kommunestyret 12. desember 2024 om å ta inn to ekstra unntak i forskrifta:

«Forbehold ved fare for lyng- og skogbrann

Med nye endringer i forskriften anbefaler brannvesenet å legge til et forbehold i forskriftens § 5 siste ledd, der en presiserer at unntakene i første ledd bokstav a) til f) kun gjelder dersom forholdene ligger til rette for at brenning kan gjennomføres på en trygg og sikker måte

Erfaringer fra siste 10-årsperiode viser at vi har lange tørkeperioder i vårt område, ofte tidlig på våren, som gir moderat til høy fare for gress-, lyng- og skogbrann. Slike branner er svært krevende å slukke, både på grunn av geografisk omfang og vanskelige tilkomstforhold. Det er åpenbart for brannvesenet at risiko for terrengbranner i vårt ansvarsområde vil øke med foreslalte endringer i forskriften. Forskriften bør derfor presisere at brenning kun skal finne sted når forholdene ligger til rette for det, og når brenningen kan gjennomføres på en trygg og sikker måte.

Varsling

Av praktiske årsaker kan ikke brannvesenet motta varsel om brenning av bål, bråte m.m. Dette må formidles til Møre og Romsdal 110-sentralen Ålesund KF, som er vår mottaker av nødmeldinger og andre henvendelser som gjelder brann, røykutvikling m.m.

Brenning av tørt hageavfall utenfor tettbygde strøk

I Ålesund kommune finnes flere mottak av hageavfall der kommunens innbyggere kan levere denne typen avfall gratis. Ålesund brannvesen stiller spørsmål ved nødvendigheten av å brenne denne typen avfall utenfor tettbygde strøk, med dertil økt risiko for terrengbrann, når det kan leveres til nærmeste miljøstasjon.

Brenning utenfor tettbygde strøk og på øyer og holmer uten vegforbindelse eller rutegående samband

Ålesund brannvesen er dimensjonert i tråd med forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften). Forskriftens § 22 stiller følgende krav til utsynstid til brann: Brann- og redningsvesenets utsynstid skal ikke overstige 10 minutter ved brann i

- a. tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning
- b. sykehus, sykehjem og lignende institusjoner som krever assistert rømning
- c. områder med koncentrert og omfattende næringsdrift eller lignende.

Utsynstiden til objekter og områder nevnt i første ledd kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risikoen i tråd med risiko- og sårbarhetsanalySEN og beredskapsanalySEN, jf. forskriften § 7 og § 9, men utsynstiden skal aldri overstige 20 minutter.

Utsynstiden skal ikke overstige 20 minutter ved brann i tettsteder.

Utsynstiden bør ikke overstige 30 minutter ved brann utenfor tettsteder.

Brannstasjonsstrukturen i Ålesund kommune er i all hovedsak bygget opp rundt disse tidskravene. Vedtatte endringer i forslag til ny forskrift innebærer at bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall skal tillates i de områdene brannvesenet har lengst utsynstid til. For øyer og holmer uten vegforbindelse eller rutegående samband er dette ytterligere krevende. I verste tilfelle betyr dette at et lite bål ute av kontroll vil kunne utvikle seg til en omfattende brann som kan true vegetasjon, bebyggelse, infrastruktur m.m. før brannvesenet har anledning til å gå i innsats.»

Eit moment i denne samanhengen er også at brannvesenet kjem til å få fleire unødvendige alarmar, ved at dei vert varsle om brann som eigentleg berre er bål. Slik unødvendige alarmar er svært kostbare, særleg ute i distrikta der stasjonane er organiserte med deltidstilsette.

3.7 Varsling

Som nemnt i kommentarane til Ålesund brannvesen, så kan ikkje brannvesenet ta imot varsel om brenning av bål, bråte m.m. Dette må formidlast til Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF, som er mottakar av nødmeldingar og andre meldingar som gjeld brann, røykutvikling m.m.

4. Oppsummering

Omsynet til barn og personar med helseplager gjer at og kommunen treng ei forskrift om open brenning. Ei forskrift om open brenning med få unntak er viktig for å beskytte folk, og då særleg barn og sjuke, mot uheldig og skadeleg forureining frå røyk, førebygge unødvendige konfliktar mellom grannar og å sikre trivsel i heile kommunen. Omsynet til å hindre brannfare tilseier også at det vert fastsett ei forskrift om open brenning, og at det ikkje vert gitt unntak frå forbodet mot open brenning, som ikkje er naudsynte.

I vedlagt forslag til forskrift er dei to ekstra unntaka frå forbodet mot open brenning som kommunestyret vedtok 12. desember 2024, tatt med i § 5 første ledd bokstav e) og f).

5. Prosessen vidare

Etter at høyringsfristen er ute, vil Ålesund kommune handsame innkomne kommentarar og innspel. Dersom det blir gjort vesentlege endringar av forslaget til forskrift, vil det bli gjennomført endå ei ny offentleg høyring. Når forskrifta er vedteken av Ålesund kommunestyre, vil den bli kunngjort i Norsk Lovtidende og gjort tilgjengeleg på Lovdata.

Nytt forslag til forskrift er lagt ved dette brevet, og saksdokumenta er å finne under følgjande lenke: [Reglement og forskrifter til høyring - Ålesund kommune \(alesund.kommune.no\).](http://Reglement og forskrifter til høyring - Ålesund kommune (alesund.kommune.no).)

Med helsing

Rose Mari Refsnes
avdelingsleiar

Trude Blankholm Strømme
seniorrådgivar - jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg: Nytt forslag til forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar,
Ålesund kommune, Møre og Romsdal
Mottakarliste

Nytt forslag til forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Ålesund kommunestyre (dato) med heimel i [lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall \(forureiningslova\)](#) [lov 13. mars 1981 nr. 6](#) om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 9, jf. [forskrift 20. desember 2024 nr. 3400 om kommunens myndighet etter forurensningsloven](#) § 7 bokstav a., jf. § 4 bokstav b.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å forhindre forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar, inkludert vedomnar og peisar.

§ 2. Verkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor grensene til kommunen. Forskrifta skal ikke avgrense verkeområdet for andre lover og forskrifter, som brann- og ekslosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter og forskrift om miljøretta helsevern.

§ 3. Definisjonar

- a) *Open brenning:* All brenning som skjer utandørs.
- b) *Småomnar:* Forbrenningsomnar som ikkje har særskilt løyve frå Miljødirektoratet eller Statsforvaltaren, eller er godkjent brukt etter forskrifter gitt med heimel i forureiningslova.
- c) *Reint trevirke:* Trevirke som er ubehandla. Det vil seie trevirke som ikkje er mala, beisa, inneheld lim som sponplater og finèr, er impregnert med kreosot, trykkimpregnert eller liknande.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, om ikkje anna følgjer av § 5 i forskrifta.

§ 5. Unntak frå forboden

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- a) Open brenning med kol og ved på grillanretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) Brenning av papir til opptenning og reint trevirke i vedomn og peis.
- c) Jonsok- og olsokbål av reint trevirke. Bålområdet skal ryddast etter bruk.
- d) Brenning av lyng knytt til skjøtsel av den utvalde naturtypen kystlynghei, jf. naturmangfaldlova § 52. Brenninga må skje på ein slik måte at den ikkje medfører helseproblem og forureinar minst mogleg.
- e) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk. Møre og Romsdal 110-sentral KF skal varslast om brenning.
- f) Brenning av hageavfall på øyar og holmar utan vegsamband eller rutegåande samband. Møre og Romsdal 110-sentral KF skal varslast om brenning.

Unntaka i første ledd bokstav c) til f) gjeld ikkje i området som ligg i nedslagsfeltet til hovud- og reservedrikkevasskjelder, jf. [forskrift 22. desember 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann](#) § 4 første ledd.

Unntaka i første ledd bokstav a) til f) gjeld berre dersom forholda ligg til rette for at brenning kan gjennomførast på ein trygg og sikker måte.

§ 6. Dispensasjon

Forureiningsmyndigheita i kommunen kan etter søknad i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4.

§ 7. Tilsyn

Forureiningsmyndigheita i kommunen fører tilsyn med at føresegne i denne forskrifta vert følgde, jf. forureiningslova § 48.

§ 8. Klage

Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter reglante i forvaltningslova § 28 andre ledd.

§ 9. Straff

Brot på føresegne i forskrifta kan føre til straffeansvar, jf. forureiningslova § 78.

§ 10. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2026.

Frå same tidspunkt vert følgjande forskrifter oppheva:

- a) [Forskrift 7. april 2011 nr. 382 om åpen brenning og brenning av avfall i småovner, Ålesund kommune, Møre og Romsdal.](#)
- b) [Forskrift 31. august 2011 nr. 909 om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Sandøy kommune, Møre og Romsdal.](#)

Mottakarar:

Attvin As	Alvikvegen 194	6019	Ålesund
Birdlife Norge Avdeling Møre Og Romsdal	c/o Olbjørn Kvernberg Idrettsvegen 9	6413	Molde
Brusdal Idretts- Og Velforening	c/o Linn Therese Reiakovam Brusdalsvegen 569	6260	Skodje
Dnt Sunnmøre	Postboks 250	6001	Ålesund
Forum For Natur Og Friluftsliv I Møre Og Romsdal	Fannestrandvegen 122	6419	Molde
Giske Kommune	Valderhaug 4	6050	Valderøya
Haram Kommune	Postboks 33	6282	Brattvåg
Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	Brumunddal
Miljøstiftelsen Bellona	Rådhusgata 28	0151	Oslo
Møre Og Romsdal Fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Naturvernforbundet I Møre Og Romsdal	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	Tingvoll
Norges Astma- Og Allergiforbund Møre Og Romsdal Storlag	Postboks 63	7634	Frosta
Norges Astma- Og Allergiforbund Region Midt	Postboks 63	7634	Frosta
Norges Jeger- Og Fiskerforbund Møre Og Romsdal	Skaret 10	6422	Molde
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5806	Bergen
Norges Miljøvernforbund Midt-Norge	c/o Arne Roger Hansen Angelltrøvegen 58	7048	Trondheim
Norsk Bonde- Og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	Oslo
Skogbrukets Landsforening	Postboks 5496 Majorstuen	0305	Oslo
Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde
Stiftinga Lyngheisenteret	Lurevegen 1575	5912	Seim
Sula Kommune	Postboks 280	6039	Langevåg
Sunnmøre Friluftsråd Kommunalt Oppgåvefellesskap	Stettevegen 73	6260	Skodje
Sunnmøre Krets Av Norges Speiderforbund	Ratvikvegen 69A	6015	Ålesund
Uksnøy Villsaulag Da	Fjørtoft	6294	Fjørtoft
Vestnes Kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	Vestnes
Ålesund Brannvesen Kf	Sjømannsvegen 1B	6008	Ålesund
Ålesund Kfuk-Kfum	Postboks 5528	6024	Ålesund
Ålesund Kommunale Eigedom Kf	Postboks 1521	6025	Ålesund